

Møtereferat

| | |
|----------------|--|
| Tema: | Samarbeidsmøte PKO |
| Dato/Tid/Sted: | 16.09.21 Join/møterom mikrobiologi Helse Førde |
| Til stede: | Anita Sørheim, Robin-Andre Sørland, Normund Svoen, Bent-Are Hansen |
| Fraværende: | Jan Ove Tryti |
| Referent: | Tonje B Riste |

1. Informasjon om prøvesvar på helsenorge


Helse Vest er pilot for prøvesvar på helsenorge.no. Fra november vil pasientar ha tilgang til prøvesvar frå Dips. Det er i første omgang tekstlege svar frå internt rekvirerte prøvar. Dette er i hovudsak patologi og radiologi. Innsyn blir likt håndtert som journal, lege kan sperre. Innsyn vil ha tilbakeverkande kraft frå 1. oktober 2021 ved oppstart.

2. Endring i leiing ved mikrobiologisk avdeling


Reidar Hjetland er gått av med pensjon, Bent-Are Hansen er ny leiari for avdelinga. Bent-Are er infeksjonsmedisiner, og også smittevernlege for Helse Førde. Service med telefonkontakt frå primærhelsetenesten vert opprettholdt, legar kan kontakte Bent-Are ved behov for rådgjeving på same måte som ein har kontakta Reidar Hjetland tidlegare. Bent-Are har tidvis heimekontor, kan nåast på mobil [95748801](tel:95748801).

3. Korona

Gjennomgang av statistikk for koronaprøvar:



Møtereferat



Kapasitet i kommunane for TISK er for tida strekt, og det same gjeld kapasitet for analyse på laboratoriet i Førde. Tidvis må prøvar dessverre sendast til Bergen grunn for høg belasting på analyseinstrumenter og personale i Førde. Det er gjort ei kartlegging i laboratoriet om ein kan auke kapasitet på analysesida, men det har dessverre ikkje vore gjennomførbart. Dette er hovudskleg fordi ein ikkje har ressurs på personalsida til å handtere fleire prøvar. Både bioingeniør og legeressurs begrensar kor mange prøver ein klarer å handtere.

Kommenterer behov for analyser i kommande luftvegesesong, i tillegg til korona er det influensa som er størst behov for innan virus i primærhelsetenesten, og RS virus.

4. Informasjon modernisering av laboratoria

Det vert starta prosjekt for modernisering av laboratoria i 2022. Det vil då gjennomførast ei større investering i nye automasjonsløysingar og arealendringtilpassing. Dette gjerast som ledd i å sikre framtidig kapasitet med auke prøvemengde dei kommande åra.

5. Diverse

- Diskuterer behov for informasjon vedr tilbod innan obduksjon i Helse Førde. Dette takast med som sak på neste møte.
- Prosjekt med sending prøvar med drone pågår. Både primærhelsetenesten og Helse Førde deltek i prosjekt der ein undersøker moglegheit for framtidig sending med droner.